



SOGN OG FJORDANE FISKARLAG

FISKERNES HUS
Postboks 173 – 6701 Måløy
Norges Fiskarlags Servicekontor AS,
avd. Sogn og Fjordane

Telefon: 57 85 39 99
Telefax: 57 85 39 90
Mobil: 951 95 294
Bankgiro: 6554.10.09900

Norges Fiskarlag,
Pir-Senteret,
7462 TRONDHEIM.

Att.: Jan Birger Jørgensen/Elling Lorentsen/Jan Skjervø/Reidar Nilsen

Ark.:10.0.

23. april 2010

HØRING FRÅ DET KONGELIGE OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT: 11.05.10- FORSLAG OM BLOKKER TIL UTLYSING I 21. KONSESJONSRUNDE.

Sogn og Fjordane Fiskarlag har handsama utlysinga, og ynskjer hermed at Norges Fiskarlag tek med seg følgjande merknader i sitt hørings svar:

MØREBLOKKENE:

Viser til vedtak i Sam-Sør vedkommande utviding av TFO-området Møre.

Spesielt vil vi krevje unntak for blokkene 6305/6306 grunna sildefiske/gyting og vandring.

Desse blokkene må ikkje tildelast.

NORSKEHAVET:

Blokkene i Norskehavet 6609/6610/og 6611 ligg i utløpet av Vestfjorden rett sør for

Lofoten. Blokkene er svært sårbare ved eit eventuelt oljeutslepp i gytesesongen.

Straumforholda her er slik at ved eit utslepp så vil oljen bli ført rett inn i gytefelta.

Desse blokkene må ikkje tildelast.

BARENTSHAVET:

Blokkene i Barentshavet 7222/7223/7224 og 7228/7229 ligg i nordlege del av

Nordkappbanken. Alle desse blokkene er svært viktige fiskefelt for lineflåten etter torsk og

hyse. Området er svært viktig vandringsområde for torsken når den skal til kysten og

Lofoten på gytevandring, og retur til Barentshavet for oppvekst.

I desse områda kan vi ikkje akseptere oljeverksemd og seismikkskyting. For nokre år sidan

blei det skote seismikk i dette område, med det resultat at den vaksne gytefisker unngjekk

dette område. Dermed var det berre småfisk att i dette område, og det vart stengt for fiske

for første gang i historia. Dette grunna at det var for mykje småfisk i fangstane.

Skal vi få sameksistens mellom fiskeri/seismikk og oljeinteressene må vi unnta dei blokkene som ligg der vi har gyting og gytevandring. Vi kan ikkje godta at vi forstyrrar reproduksjonen av ein fornybar ressurs for å oppnå ein kortsiktig gevinst for ei anna næring som ikkje er fornybar. Her må Norges Fiskarlag seie klart ifrå at dette kan vi ikkje akseptere.

Med helsing

Sogn og Fjordane Fiskarlag

Oddmund Kvalheim

avd.leiar

Kopi: Fiskei- og kystdepartement
Olje- og energidepartement
Fiskeridirektoratet
Havforkningsinstituttet
Styremedlemmer i Sogn og Fj. Fiskarlag/lokallaga/Sam-Sør